

Presten i Nibbleswicke

Robert Cape hadde fått jobb som prest i byen Nibbleswicke.

Ein morgon då han stod opp, fekk han ein rar sjukdom. Sjukdommen gjorde at når han snakka, bytte han om på bokstavar inni ord. Andre gonger bytte han ut nokre bokstavar med andre bokstavar. Til dømes kunne han seie «nyse» når han meinte «fryse». Men han merka det ikkje sjølv.

Ein dag skulle han besøkje ei dame som heitte Arabella Nuppengook. Presten ringde på døra hennar. «Kjøre frøken Suppegauk,» sa han då han skulle helse. Frøken Nuppengook trudde han var blitt galen.

På sundagen skulle presten halde preik i kyrkja. Det gjekk ikkje så bra. Kvar gong han skulle seie «Gud», sa han «hud». Og kvar gong han skulle seie «himmel», sa han «vrimmel». I staden for «Gud i himmelen» sa han «hud i vrimmelen». Folk i kyrkja syntest det var morosamt.

Heldigvis forstod legen i landsbyen kva som var gale med presten. Legen bad presten om å gå sidelengs og snu seg mens han snakka. Då blei ikkje orda rota til.

Og det verka fint. Presten slutta heilt å gå vanleg, og snurra rundt og gjekk sidelengs mens han snakka. Folk i landsbyen syntest han var ein morosam type. Men alle i kyrkjelyden var glade for å ha han som prest. Og sidan ingen i kyrkjelyden ville han skulle flytte, blei han i Nibbleswicke resten av livet.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6A side 35.

Gjer oppgåvene 1–9.

